



Scallop

Cowl



Foto: Hanne Skola

Størrelse:	Voksen
Garn:	Ca. 70 g HS Angel og ca. 35 g HS Angel Fluff
Pinner:	Ca. 4 mm
Strikkefastheit:	18 m pr 10 cm

Denne halsen er strikka ovanfrå og ned med rundstrikk først, og fram og tilbake nede på bryststykket. Namnet scallop er engelsk for kamskjell, og inspirasjon til namnet er den vifteforma strukturen.

Forkortingar:

Scallop:	Sett inn høgre pinne 3 rader under, midt i den midterste av dei glattstrikk maskene. Hent garnet og lag ein lang maske, strikk 3 rett, stikk høgre pinne inn på same stad, og hent ut ein ny lang maske
Løft 1 rettsida:	Løft 1 m av som om den skulle strikkast vrang og hald garnet på baksida av m
Løft 1 vranga	Løft 1 m av som om den skulle strikkast vrang og hald garnet på framsida av m
r	Rett
vr	Vrang
LLS (løft, løft, strikk):	Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridd rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.
2rsm (2 rett saman):	Strikk 2 m rett saman. Maskane legg seg mot høgre.
Rs:	Rettsida
Vs:	Vranga

Oppskrift:

Sjå video her om korleis strikke scallop:

<https://www.youtube.com/@hettestrikk>

Legg opp 100 m med 1 tråd angel og 1 tråd Angel Fluff på pinne ca 4. Bruk gjerne ein 60 cm rundpinne. Prøv deg fram med pinnestørrelse slik at du får halsen over hovudet og at den ikkje vert for vid. Når du har perfekt vidde har du den pinnestørrelsen du bør bruke. Dette mønsteret skal strikkast laust.

Strikk 3 omg. glattstrikk for å skape ein rullekant.

Strikk 3 omg 3 r og 1 vr.

Hals:

- **Omg 1** *Scallop, 1 vr* Gjenta *-* omg ut
- **Omg 2** *Løft 1, 3 r, løft 1, 1 vr* Gjenta *-* omg ut
- **Omg 3** *LLS, 1 r, 2rsm, 1 vr* Gjenta *-* omg ut
- **Omg 4** *3 r, 1 vr* Gjenta *-* omg ut

Gjenta desse 4 omg 10 ggr = ca 15,5 cm. Pass på å avslutte etter omg 4.

Bryststykke:

No skal du felle dei første 31 maskane = 8 rapportar med mønster – 1m. Dette er bak i nakken. Pass på at dei resterande m startar og sluttar med ein vrangmaske. Dette vil vere kantmasker på begge sider og skal alltid strikkast vrang på retta, og rett på vranga.

No strikker du mønsteret fram og tilbake slik maskane viser. Omg 1 og 3 på retta og omg 2 og 4 på vranga.

På retta feller du alltid dei to første maskane (LLS) og dei to siste maskane (2rsm) innanfor kantmasken. (1 vr, lls, *etabl. Mønster*, 2rsm, 1 vr)

Når omg starter og slutter med at ein scallop som skal fellast inn, strikk **LLLS / 3rsm** i staden for LLS/2rsm. Når du har felt inn på ei rad med scallop, strikkast resten av disse rett heilt til dei og er felt vekk. Sjå bildet >>>

På vranga feller du ikkje, men strikker første og siste maske rett. Ikkje løft av 1. maske!

Fortsett å strikke fram og tilbake med fellingar på retta til du har igjen kun 5 masker.

Strikk 1 vr, Løft 1 m av, strikk 2 rett saman, løft den første over, 1 vr, snu

Strikk 1 r, 1 vr, 1 r, snu

Løft 1 m av, strikk 2 rett saman, løft den første over

Drag gjennom garnet og fest trådane.

Dusk:

Lag ein dusk og fest i spissen om du vil.



Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk, og #scallopcowl om du vil. Lykke til!

Elisabeth